



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Eldrerådet  
**Møtedato:** 21.08.2014  
**Møtetid:** 10:00 - 12:10  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
Pleie og omsorgsleiar Grete-Litt Hjartnes
Folkehelsekoordinator Meline Heimdal Haugland
Ordførar Marit A. Aase

<b>Møteleiar:</b>	Brigt Olav Gåsdal
<b>Møtesekretær:</b>	Heidi Fossdal

<b>Merknader:</b>

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	Brigt Olav Gåsdal
<b>Spørsmål/interpellasjonar:</b>	<p>Leiar oppmoda medlemene i rådet til å koma med framlegg til saker i Eldrerådet. Det er også ynskjeleg at det vert sett opp faste møter i Eldrerådet på møteplanen for politiske møte.</p> <p>Ein varamedlem i rådet møtte til møtet. Leiar gjorde merksam på at varamedlemer får tilsendt sakspapir, men får ekstra innkalling i form av telefon frå Fellestenestene dersom dei skal møta.</p> <p>Brigt Olav Gåsdal orienterte om at han hadde vore på møte i Jondal og fått litt kjennskap til korleis dei starta arbeidet med Frivillighetsentral. Han meinte dette kunne vera ein framgangsmåte som høver for Samnanger. Ordførar melder frå til administrasjonen at dette må koma som sak i nær framtid.</p>
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	Ingen

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 28.08.2014

---

Underskrift utvalsleiar

---

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
004/14	14/574	Faste saker	
005/14	12/105	Eldredagen 2014	
006/14	14/333	Mellombels drift av tenestene i PLO ved utbygging/ombygging av Samnangerheimen	

**SAKNR. 004/14**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**21.08.2014 ELDRERÅDET**

Handsaming i møtet:

**ELD-004/14 VEDTAK:**

Møteinnkalling og saklista vart godkjent med merknader:

- Solveig Sjursen hadde merknad til innkallinga. Innkallinga var sein, den kom i posten laurdag 16.08. Innkallinga skal vera medlemene i hende 1 veke før møtet.
- Eldrerådet var samrøystes i at orientering om planlagt mellombels drift ved utbygging/ombygging av Samnangerheimen skal handsamast som eiga sak.

**SAKNR. 005/14**  
**ELDREDAGEN 2014**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

**21.08.2014 ELDRERÅDET**

Handsaming i møtet:

Eldredagen 1. oktober skal markerast også i 2014. Ein har tidlegare halde til i Arbeidskyrkja. Kyrkja er dessverre oppteken til andre føremål 1. oktober 2014. Ein må vurdere om det er andre lokalitetar som er tenelege til dette føremålet eller om ein skal flytta markeringa til ein annan dag.

I samband med Grunnlovsjubileet skal det vera ei tilstelling i regi av Historielaget 5.oktober. Eldrerådet er positive til å få til eit samarbeid her. Eit forslag kan vera at ein markerer Eldredagen fyrst med servering av mat og noko underhaldning, og at ein vidare vert ein del av Historielaget sitt arrangement i Grendahuset. Folkehelsekoordinator tek kontakt med Historielaget og ho skal undersøkje om ein kan få til underhaldning gjennom Den kulturelle spaserstokken.

**ELD-005/14 VEDTAK:**

Eldrerådet ynskjer å markera Eldredagen 2014. Ein ynskjer eit samarbeid med Historielaget, slik at arrangementet i Grendahuset vert ein del av markeringa. Administrasjonen har ansvar for at det raskt vert kalla inn til eit møte der både Eldrerådet, representantar frå Samnanger Historielaget og Samnanger Pensjonistlag vert invitert.

**SAKNR. 006/14**

**MELLOMBELS DRIFT AV TENESTENE I PLO VED UTBYGGING/OMBYGGING AV SAMNANGERHEIMEN**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka er lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

**21.08.2014 ELDRERÅDET**

Handsaming i møtet:

Pleie –og omsorgsleiar Grete-Lill Hjartnes orienterte om den planlagde mellombels drifta i samband med utbygging/ombygging av Samnangerheimen. Ein syner her til orienteringa i referatsaka om vart sendt ut saman med innkallinga til møtet.

Eldrerådet var særleg oppteken av at tilhøva for pasientar og bebuarar får eit godt tilbod i byggjeperioden. Det var mellom anna stilt spørsmål ved kor lang byggjeperioden er og at ein del bebuarar må bu på dobbeltrom i denne perioden. Det vart opplyst at i høve til anbodet er byggjetida 18 månader frå arbeidet vert sett i gong. Når det gjeld dobbeltrom er dette sjølv sagt ikkje noko ein ynskjer, men det vert naudsynt i denne perioden. I fylgje Fylkesmannen er dette lovleg i kortare periodar. PLO-leiar undrestrekar at dette skjer i samråd med bebuarane, og at ingen vert plassert på dobbeltrom mot sin vilje.

I orienteringa vart ein gjort kjend med at kommunen er i dialog med Vaksdal kommune om å leiga ein avdeling der under mellombels drift. Det vart stilt spørsmål om dette er ein dialog eller om det er gjort ein avtale og om kostnadane for denne leiga/ mellombels drift. Pleie –og omsorgsleiar svara her at det ikkje er teikna ein skriftleg avtale her og at ein ventar på pris frå Vaksdal. Vidare er det klart at mellombels drift vil medføre kostnader, men at ein prøvar å halda det så nær dagens drift som mogeleg. Nytt bygg er eit framtidsretta bygg der det mellom anna skal vera trong for færre tilsette både på kjøkken og når det gjeld reinhald. På denne måten kan ein redusera i drifta etter at bygget er ferdig. Ein har også sett ein del stillingar ”på vent”, og berre tilsett folk for ein periode. Dette gjeld til dømes på kjøkkenet.

Eldrerådet gjev uttrykk for at det er gjort ein grundig jobb når det gjeld planlegging av mellombels drift. I media har det koma fram at enkelte, både pårørande og bebuarar, har vore misnøgde med måten dei vart orientert om saka på. Det er vanskeleg å koma med slike beskjedar, og PLO-leiar ser ikkje heilt korleis dette kunne vore gjort på andre måtar.

Solveig Sjursen ynskjer å koma med fylgjande merknad:

Eldrerådet er blitt for seint orientert om planane som ligg føre for mellombels drift i pleie og omsorg/sjukeheimen.

**ELD-006/14 VEDTAK:**

Eldrerådet tek saka om mellombels drift av tenestene i pleie og omsorg ved ombygging av Samnangerheimen til orientering.



